
Innspel frå dei vidaregåande skulane

**Sakshandsamar:**Gro Fivelsdal
E-post: Gro.Fivelsdal@sfj.no
Tlf.: 57 73 82 03**Vår ref.**Sak nr.: 18/1714-11
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

11717/18

Dyklar ref.**Notat****Dato**

DALE I SUNNFJORD, 12.03.2018

Frå: Gro Fivelsdal

Til: Susan Husabø, OA

Kopi til: Bekka Skaasheim, OA
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

Svar - Resultat av første prøveinntak 2018-2019 Dale vgs

Vi har gode søkjartal på Vg1, det gjeld både studiespesialiserande og yrkesfag. Også påbyggingsklassen er i første prøveinntak fylt opp til 30 elevar.

På yrkesfag har vi i år ein noko uventa situasjon. I alle år har vi hatt éin klasse på Vg1 Teknikk og industriell produksjon og utan problem har vi greidd å rekruttere vidare til klassen på Vg2 Industriteknologi. I år har dette for første gang snudd. Det er få søkjarar på Vg2 TIP. Ettersom søknaden til dei andre skulane heller ikkje er særleg god, og det ikkje er venteliste nokon stad, så ser det ut som denne klassen er i fare med fem inntekne elevar.

Det er viktig for ein liten skule å kunne tilby heile løpet innanfor dei to yrkesfaglege retningane vi har. Det låge søkjartalet på Vg2 TIP veit vi har å gjere med at fleire av dei aktuelle elevane på Vg1 har søkt seg til maritime fag. Dei har vore motiverte og har kunna konkurrere seg inn der.

Dersom ein vel å ta vekk Vg2 Industriteknologi i år på grunn av det låge søkjartalet, er det eit sterkt ønske frå skulen at vi får flytte desse 12 elevplassane ned til Vg1 Teknikk og industriell produksjon. Her har vi oversøking på 13 elevar med ungdomsrett og det er meir enn nokon annan skule har i år.


Vi forventar at Vg2 Industriteknologi vert lyst ut igjen neste skuleår. Det er her verdt å nemne at vi i Dale ikkje har hatt, eller har, problem med å finne læreplassar til dei som går ut frå Vg2 Industriteknologi. Tydelege signal frå skipsverftet Havyard tyder på at dei treng meir folk framover. Med to Vg1 TIP-klassar, vert rekrutteringa til Vg2 enklare og det vil sikre at vi skuleåret 2019-20 har Vg2-klassen på plass igjen.

På Helse- og oppvekstfag er dimensjoneringa godt tilpassa etterspurnaden, med to Vg1-klassar som vert snevra inn til éin helsearbeidarfagklasse andre året.

Det er første året vi har ein GMU-klasse. Nokre av elevane her søker seg vidare til ordinær vgs, men mange ville ha stor nytte av eit GMU-tilbod over to år. Vi ventar på ei avklaring om det lét seg gjere.

Det ser ut til at det i Førde vert utviding til 5 klassar på Vg1 Bygg- og anleggsteknikk. Dersom det vert
trengt om plassen, står bygghallen vår til disposisjon og vi vil gjerne samarbeide om ein byggklasse
på Vg1.

09.03.2018
Dale vidaregåande skule
Gro Fiveisdal
Rektor



Susan Husabø, OA

Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019

Innspel frå Eid vgs., drøfta med tillitsvalde 12/3-18

Studiespesialiserande:

Ut frå primærsøkartalet og fyrste prøveinntaket reiknar vi med at det vert to klasser på Vg1, ei på Vg2 og 2 på Vg3. Den ekstra teknologisatsinga ved skulen, med «teknologiklasse» allereie på Vg1 kjem då i gang.

Med berre ei klasse på Vg2 og tilsvarande reduksjon av rammetimar, vert det vanskeleg å finansiere forsøksfaget Programmering og modelering X (3 veketimar på Vg2) og skulen ber om å få tilført 3 ekstra rammetimar pr. veke. Grunna berre ei klasse på Vg1 inneverande skuleår, er det få elevar ved eigen skule, som førebels har signalisert at dei vel faget på Vg2. Av den grunn vil vi tilby forsøksprogramfaget som «Nordfjordfag», noko som er drøfta med OA og rektorane i Nordfjord. Eid vgs. er den einaste skulen i fylket, som er med i det nasjonale forsøket, og det vil vere synd om vi ikkje kjem i gang komande haust.

Påbygg. gen. studiekomp:

Til dette tilbodet er det som vanleg stor oversøking, og etter prøveinntaket er det 21 elevar med ungdomsrett utan tilbod. I og at det berre vert ei klasse på Vg2 Studiespes., har skulen plass til ei ekstra klasse med påbygg komande skuleår.

Ut frå behov for Vg4 i Nordfjordregionen, som kom fram i møtet i HO 15/2-18, vil skulen allereie no signalisere at vi kan tilby eit slikt tilbod frå skuleåret 19/20. Skulen kan tilby det som ordinært tilbod, eller som nettbasert tilbod med samlingar, kombinert med faga som er felles med Vg3.

Tip:

Plasstalet på Vg1 Tip ved Måløy og Eid vgs., vart i tilbodsaka auka opp med 3 plassar, for å sikre elevgrunnlag for satsinga mot Plast og kompositt. Klasserom, labar og verkstadar ved

skulen er dimensjonert for klassestørelse på 12 elevplassar. For tre år sidan hadde vi 4 klasser på Vg1 Tip, og vi foreslår at det for 18/19 vert 3 klasser med 12 elevar i kvar, for å sikre at alle utan tilbod får plass.

Fredag 9/2 inviterte ordføraren og koordinatoren for samarbeid skule/arbeidsliv i Stryn seg til Eid vgs, for å diskutere utfordringane med rekruttering til næringslivet i indre Nordfjord. Rektor på Stryn vgs. og ordførar i Eid var også med på møtet. Med berre 8 inntekne etter fyrste prøveinntak til Vg2 Industriteknologi ved Eid vgs. vert rekrutteringa vanskeleg. Læreplass situasjonen er god ut frå Vg2 Industriteknologi. Ei ekstra klasse Vg1 vil truleg sikre rekrutteringa til Vg2 løpa i regionen. Søkinga til det landsdekkande tilbodet Vg2 Industriell møbelproduksjon og det regiondekkande tilbodet for Nordfjord Vg2 Industriteknologi er heilt marginale, med berre to klasser på Vg1.

Elektro:

Ei kjend utfordring i Nordfjord er rekruttering til nokre av Vg2 tilboda, med underdekning av Vg1 plassar. Frå Vg1 Elektro er det i tillegg ein del elevar, som vel kryssløp til andre utdanningsprogram på Vg2. Om den auka interessa for lærlingar i Dataelektronikar og Automatikarfaget i Nordfjord held fram, bør klassetalet på Vg1 aukast til tre, med 12 elevar i kvar klasse.

Design og handverk:

2 klasser på det fylkesdekkande tilbodet på Vg1 ser erfaringsmessig ut til å vere rett dimensjonering for å sikre nok søkarar til Vg2 Interiør og utstillingsdesign ved Eid vgs. og Vg2 Frisør ved Høyanger vgs.

Med helsing

Ove Bjørlo
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Susan Husabø, OA



Sakshandsamar:
Knut Chr. Clausen
E-post: Knut.Christian.Clausen@sfj.no
Tlf.: 57757902

Vår ref.
Sak nr.: 18/1714-15
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
11977/18

Dykkar ref.

Notat

Dato
FLORØ, 13.03.2018

Frå: Knut Chr. Clausen

Susan Husabø, OA

Til:

Kopi til:

Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019 Innspel frå Flora vgs

Skulen syner til tilsendt 1.prøveinntak. Vi er godt nøgde med oppfyllinga i gruppene.

Særleg er det gledeleg med gode oppfylling til VG2 Klima, energi og miljøteknikk og Byggteknikk, noko som gjev elevane eit godt tilbod og skulen høve til langtidsplanlegging inn mot ny struktur på yrkesfaga frå 2020.

Som ein del av vidareutvikling av tilbodet fram mot ny struktur innan byggfaga har skulen allereie laga prøvestasjon for røyrfag og betra lokalitetane for tømraropplæringa.

Ser ein på kapasiteten ved skulen generelt er det rom for å auke gruppetal innan den nybygde elektroavdelinga, som er dimensjonert for inntil fire grupper. Skulen har og plass til å kunne ta ei ekstra gruppe innan VG3 Påbygg.

**Sakshandsamar:**Hallgeir Hansen
E-post: Hallgeir.Hansen@sfj.no
Tlf.:**Vår ref.**Sak nr.: 18/1714-10
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

11709/18

Dykkar ref.**Notat****Dato**

SANDANE, 12.03.2018

Frå: Hallgeir Hansen**Til:** Susan Husabø, OA**Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019 - innspel frå Firda vidaregåande skule**

Det har i fleire år vore svært stor søknad til idrett og studiespesialiserande ved Firda vgs. Dette førte til at skulen fekk oppretta ei ekstraklasse på idrettsfag skuleåret 17-18. Vi ser at søknaden til idrett og studiespesialiserande er god også for skuleåret 18-19. Vanlegvis har mange av dei som har søkt idrett studiespesialiserande som sitt 2. val og motsett. For skuleåret 18-19 er det 43 søkjarar med ungdomsrett på idrett og 37 med ungdomsrett på ST. Dette vert til saman 80 elevar. Dersom ein tar med det totale tal søkjarar vert det 85.

Dersom ein ser søkjartala på idrett og ST i samanheng meiner vi det er rom for å tenkje to parallellar på vg1 idrett også for skuleåret 18-19.

Når det gjeld vg2 idrett er det 52 søkjarar. Med dette søkjartalet reknar vi med at det vert to grupper vg2 idrett ved Firda vgs skuleåret 18-19.

Vi ser samtidig at søknaden til vg1 dans er noko mindre enn den har vore dei seinaste åra. Samtidig er søkinga til vg1 drama god. Drama og dans er i lag i fellesfaga og samarbeider tett i fleire programfag. Vi reknar med at dei to halve gruppene med dans og drama på vg1 vert vidareført som i dag.

**Sakshandsamar:**Nina Bygstad
E-post: Nina.Bygstad@sfj.no
Tlf.: 57637304**Vår ref.**Sak nr.: 18/1714-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

11519/18

Dykkar ref.**Notat****Dato**

FØRDE, 09.03.2018

Frå: Nina Bygstad
Til: Susan Husabø, OA**Kopi til:****Kopi til:****Svar - Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019**


Medier og kommunikasjon vg1 har 17 primærsekjarar. Etter første prøveinntak er gruppa fylt opp med 30 elevar.

På bakgrunn av erfaringar frå inneverande skuleåre, der aktuell gruppe er fylt opp med mange elevar som har medier og kommunikasjon langt nede på prioriteringslista, vil vi melde inn vår uro. Fleire av elevane i årets klasse har hatt eit yrkesretta utdanningsløp som sin første og andre prioritet. Mange av dei har ikkje føresetnad for å klare eit studieførebuande løp.

Vi meiner det er på sin plass å minne om at dette er eit reint studieførebuande utdanningsløp. Blir ledig plassar tilbudde til elevar som ikkje har føresetnadar for å greie eit slikt løp, legg ein etter mi oppfatning opp til at elevar blir taparar i skulesystemet.

Eg håper difor at ein er kritiske til kven ein tilbyr/ sluser inn i eit studieførebuande løp.

Nina Bygstad
-rektor-



Notat

Dato
HØYANGER, 08.03.2018**Ikkje offentleg**
Ofi § 14, interne dokument**Frå:** Torill Thorbjørnsen

Susan Husabø, OA

Til:**Kopi til:**


Svar - Resultat av første prøveinntak

Vi har ikkje merknader i høve inntaket.

Eg går ut i frå at talet 32 på vg1 studiespesialisering er pga elevar som er tekne inn med særskilt tilrettelegging, og er registrert på vg 1 uavhengig av tal år dei har vore elev her. Det same reknar eg med gjeld 13 plassar på vg 1 TIP.

Med helsing

Torill Thorbjørnsen
Rektor



Justering av opplæringstilbodet for 2018-19

Fråsegn frå Mo og Øyrane vgs. 12.03.2018

TIP

Vg1 TIP – Primærskjartal med ungdomsrett tilseier to grupper på vgl. Fyrste prøveinntak syner at 5 elevar står utan tilbod og skulen er positiv til å auke opp til 3 grupper.

Vg2 Køyretøy - I Sunnfjord region er bilbransjen tungt etablert og køyretøyklassen ved skulen må sikrast rekruttering for å kunne tilby bransjen lærlingane dei har behov for. Bransjen signaliserer eit behov for 12 plassar i gruppa og primærskjartalet på 21 elevar gjev mogelegheit for å komme bransjen i møte. Rektor sitt framlegg er å auke elevtalet i gruppa frå 9 til 12 elevar.

VG2 Industriteknologi – Primærskjartalet til fagtilbodet syner 5 søkjarar. Ein oversøknad til andre vg2 tilbod innan same programområde vil føre til at gruppa likevel vert fylt opp av søkjarar som har fagtilbodet på andre plass. Sunnfjord har vi fleire store produksjonsbedrifter som har behov for kompetent arbeidskraft og det er viktig å oppretthalde tilbodet som gir grunnlag for utdanning til mange av desse faga. Rektor gjev framlegg om igangsetjing av gruppa.

Bygg og anlegg

Vg1 byggfag syner eit primærskjartal som tilseier at det er behov for dei fem gruppene slik vedtak ligg føre i saka om opplæringstilbodet i november. Bransjen signaliserer stort behov for lærlingar både i dei tradisjonelle byggfaga Tømrar og Betongfag og i anleggsgfaga.

Vg2 byggteknikk – 2 grupper.

Vg2 Anleggsteknikk – 2 grupper.

Naturbruk

Vg1 naturbruk – tal grupper vart i opplæringssaka i november auka til to grupper. Primærskjartal stettar oppfyltingskrav til to grupper.

For vg2 og vg3 er det ikkje behov for justeringar.

Restaurant og matfag

Vg1 RM syner eit primærskjartal på 16 elevar. Det gjev grunnlag to ei gruppe.

Vg2 Kokk og servitørfag har 8 primærskjarar til 12 plassar. Det gjev grunnlag for ei gruppe.

Helse og oppvekstfag

Vg1 syner 78 primærskjolar til 46 plassar. Signal om framtidig behov for helsearbeidarar, sjukepleiarar og auka kvalifiseringskrav til tilsette i barnehage kan vere ein årsak til at auka søknad til helse og oppvekstfag. Offensiv satsing av OKOS i samarbeid med dei tre vgo-skulane i Sunnfjord i 2018/2019 kan betre tilgang på læreplassar i regionen på sikt. Skulen meiner at dette gjev grunnlag for å auke gruppetalet frå 3 til 4 grupper.

Vg2 Helsearbeidarfag har 17 primærskjolar til 24 plassar. Oversøknad til vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og vg2 ambulansfag vil danne grunnlag for 2 grupper vg2 helsearbeidarfag.

Vg2 Ambulansfag, 0,5 gruppe med 6 plassar stettar tal læreplassar i fylket.

Vg2 Helseservicefag syner 9 primærskjolar. Signal om framtidig behov for tannhelsesekretærar gjev grunnlag for å auke opp klassen slik at primærskjolarane får plass i ei gruppe på 9 elevar.

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag syner 29 primærskjolar til 15 plassar. Tal læreplassar pr. i dag vil samsvare med ei gruppe på dette vg2 tilbodet.

Elektro

Vg1 Elektro – gledeleg med 47 primærskolarar med ungdomsrett til 24 plassar. Etter samtale med Nelfo med tanke på tilgjengelege læreplassar, tilrår me 2 grupper à 12 elevar på vg1 elektro.

Vg2 Elenergi – 16 søkarar til 12 plassar. Gjev grunnlag for ei gruppe

Vg2 Data og elektronikk – 6 søkarar til 12 plassar. Det har no vore nokre år med reduksjon i elevtalet på Data og elektronikk. Med oversøknad på vg2 elenergi i regionen, kan elevane sitt andreval danna grunnlag for oppfylling i gruppa.

Service og samferdsle

Vg1 Service og Samferdsle YSK: Det er gledeleg å sjå at skulen har 11 søkarar til YSK Service og Samferdsle, noko som gjev grunnlag for 1 gruppe på 12 elevar.

Vg2 SS YSK: 1 gruppe på 14 elevar

Vg3 SS YSK: 1 gruppe på 8 elevar

Vg4 SS YSK: 1 gruppe på 8 elevar

Vg2 Transport og Logistikk: 10 primærskolarar som gjev grunnlag for ei gruppe.

Liv Horvei 12.03.2018
Liv Horvei – rektor

Siri Brændmo
Siri Brændmo – ATV Utdanningsforbundet Øyrane

Paul Martin Follevåg Antonsen
Paul Martin Follevåg Antonsen
ATV Utdanningsforbundet - Mo

Jarl Devik
Jarl Devik – Utdanningsforbundet -
NATURVITARANE

Elin R. Stedje
.....
Elin R. Stedje – Norsk Lektorlag

Anne Grete Strømli Gjertsen
.....
Anne Grete S. Gjertsen – ATV Fagforbundet

.....
Jonas Haugsbø – elevrådsleiar 2017-2018



Notat

Dato
DEKNEPOLLEN, 11.03.2018

Frå: Åsta Navelsaker Røed

Til: Susan Husabø, OA

Kopi til: Bekka Skaasheim, OA
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA
Ingeborg Lie Fredheim, OA

Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019

Viser til søkjartala for 2018/2019 og første prøveinntak. Det er god søking til dei utlyste tilbodet ved skulen, med unntak av Vg2 plast og kompositt.

Helse og oppvekstfag

Søkartala til Vg1 Helse og oppvekstfag er svært høge, skulen har 33 søkarar til 15 elevplassar, eit søkargrunnlag til to klasser. Ut i frå søkartala ynskjer skulen at det vert oppretta to klasser for skuleåret 2018/2019.

Skulen har nært samarbeid med praksisfeltet i regionen gjennom YSK-opplæringa og har gode erfaringar med veksling mellom opplæring i skule og i bedrift. To klasser på Vg1 helse og oppvekstfag vil gje skulen mogelegheiter for å prøve ut ulike modellar med veksling mellom opplæring på skule og i bedrift.

Det vil bli eit stort behov i framtida for rekruttering av arbeidskraft til helsevesenet og elevar med utdanning innanfor fagfeltet vil vere sikra arbeid etter fullført utdanning og læretid.

Naturbruk

Søkartala til Vg1 Naturbruk er svært høge, skulen har 20 søkarar til 12 elevplassar. Ut i frå søkartala og næringslivet sitt behov er det ynskjeleg at skulen får høve til starte opp 1,5 klasser for skuleåret 2018/2019. Den teoretiske opplæringa vil ein kunne tilby innafor den tildelte klasseressursen medan den praktiske opplæringa vil krevje auka lærartettleik.

Skulen ynskjer at alle dei utlyste tilboda for skuleåret 2018/2019 vert starta opp med unntak av Vg2 plast og kompositt. Det er krevjande å starte opp eit nytt utdanningstilbod. Skulen vil nytte komande skuleår til å spisse opplæringa på Vg1 teknikk og industriell produksjon mot Vg2 plast og kompositt. Dette følgjer føringane i vedtaket til det utlyste opplæringstilbodet for skuleåret 2018/2019.

Med helsing

Åsta Navelsaker Røed
rektor



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Sogndal vidaregåande skule

Sakshandsamar:
Ole Jørgen Øygarden
E-post: Ole.Jorgen.Oygarden@sfj.no
Tlf.: 91170530

Vår ref.
Sak nr.: 18/1714-14
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
11844/18

Dykkar ref.

Susan Husabø, OA

Dato
SOGNDAL, 13.03.2018

Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019

Innspel frå Sogndal vgs.

KS vg2

Me ynskjer ei løysing der dei fire elevane kan fullføra vg2 hjå oss .

Me meiner me kan klara det på denne måten:

Elevane på vg 1 og vg 2 har praksisøktar i lag. Det er høvesvis enkelt å differensiera på verkstad
Elevane på vg 2 kan ha heile eller deler av opplæringa i Yrkesfagleg fordjupning i bedrifter.

For faget Råstoff og produksjon treng det ikkje utløysa ekstra timar. Faget har 7 timar i begge klassar, og grunnfagstoffet er det same.

Faget Kosthald, ernæring og helse vil utløysa behov for 1 t i veka. Resten av faget er praksis og kan lett individualiserast på verkstad.

Faget Servering, bransje og miljø vil utløysa behov for ca 3 t i veka. Dette faget er nesten berre teori, og fagstoffet på vg 2 er nokså annleis enn på vg 1.

Me vil gjerne prøva dette for komande skuleår. Me fryktar og at nokre av søkarane til vg 2 vil ta anna val dersom dei må flytta allereie til hausten.

Elles tykkjer me at strukturen for Sogndal ser grei ut.

Med helsing

Ole Jørgen Øygarden
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Susan Husabø, OA

Kopi til:

Besøksadresse:

Lunnamyri 2


Postadresse:

Lunnamyri 2
6856 SOGNDAL

E-post:
postmottak.sogndalvgs@sfj.no
Heimeside:
www.sogndal.vgs.no

Telefon:
57676400

Bankgiro:
4212 02 02000
Org.nr :
NO 941 388 841 MVA



Susan Husabø, OA

Dato
STRYN, 12.03.2018Ikkje offentleg
Ofi § 14, interne dokument

Svar - Resultat av første prøveinntak

Innspel til opplæringstilbudet 2018-19

Stryn vidaregåande skule har følgjande innspel til 1. prøveinntak:

- Til studiespesialiserande viser 1. prøveinntak 47 søkjarar. Vi er klar over at det er eit lågt tal, men ser er det likevel svært ønskjeleg at skulen framleis får 2 grupper.**

Grunngjeving:
Med berre ei gruppe vil mange elevar som ønskjer studiespesialisering vere utan tilbod. Dessutan er landslinja i skiskyting knytt opp mot dei eine gruppa med inntil 10 elevplassar. Dermed vil berre ei gruppe gi elevane eit meir avgrensa tilbod vidare på Vg2 og Vg3 med tanke på val og fordjupingar i dei ulike programfaga.
- Søkjartall på Vg2 Byggtknikk syner 17 søkjarar til 2 grupper.**

Blant dei 17 søkjarane er det 6-8 elevar som vil vere vekslingselevar i 1+3 modell. (1 år skule og 3 år opplæring i bedrift). Dette er elevar som allereie har teikna lærekontrakt med lokale/regionale bedrifter innan Bygg- og anleggsgfaga. Det er svært viktig for elevane at skulen får behalde dei 17 elevplassane fordelt på 1 ½ gruppe på Vg2 Byggtknikk slik at elevane får fullført opplæringa si fram til fagbrev. Vekslingselevane skal også gjennomføre fellesfaga i skule, samt dokumentert og sertifisert opplæring. Stryn vidaregåande skule, opplæringskontor og lærebedrifter er partar i eit forpliktande samarbeid om denne opplæringa.
- Primærsøkjartala syner 31 søkjarar til 15 elevplassar på Vg1 Service og samferdsel og 30 søkjarar til 15 elevplassar på Vg1 Helse- og oppvekst.**

Stryn vidaregåande skule har plass til å ta imot 2 grupper på kvart av utdanningsprogramma. Alternativt:
1 ½ gruppe på Vg1 Service og samferdsel
1 ½ gruppe på Vg1 Helse- og oppvekst

Grunngjeving:
Etter erfaring frå inneverande skuleår er store deler av elevane minoritetsspråklege elevar, elevar som er tekne inn på spesielle vilkår og elevar som tek Vg1 over 2 år. For å møte denne utfordringa bør grupper elevar på dei overnemde utdanningsprogramma følgje eit anna og meir fleksibelt opplæringsløp enn 2+2 modellen. Flexibilitet i tal grupper vil gje skulen betre handlingsrom til å tilpasse opplæringa utifrå eleven sin ståstad.

Med helsing

Anders Bruvoll
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Susan Husabø, OA

Kopi til:



innspel – justeringar av opplæringstilbodet 2018/19

Årdal vgs. hadde 8. mars samarbeidsmøte med skulen sitt **lokale nettverk** som består av leiarar og andre representantar for lokalt næringsliv, blant anna dei store bedriftene Hydro Aluminium og Norsun. I tillegg var Årdal kommune v/ ordføraren, grunnskulane og Årdal utvikling representerte på møtet.

Søkartalet vart diskutert, og spesielt klassane Vg1 Service og samferdsle, vg2 Kjemiprosess og vg2 Industriteknologi, som viser eit lægre primærsøkartal. Møtet diskuterte kva utfordringar det vil få for **næringa** og **kommunen**.

Næringslivet og kommunen kom med følgjande **hovudbodskap**:

Årdal treng aksept for å få køyre klassar med noko lægre oppfylingsgrad enn ønskeleg fordi ein no har to til tre år med lågt elevtal, medan elevtalet på litt sikt går opp. Det vil vere lite føremålstenleg å ta vekk tilbod som det om kort tid vil vere bruk for att. Dette er ikkje gunstig verken med tanke på stabilitet i lærlingsituasjonen, drifta av skulen eller personalsituasjonen. Næringslivet i Årdal og kommunen gjev kraftig uttrykk for at tilbodet ikkje kan byggast ned då det er behov for tilgang på lærlingar.

Vg2 Kjemiprosess, vg2 Industriteknologi og vg2 og vg3 Automasjon

- **Hydro uttaler at:**

- o Dei er bekymra for om dei får fylt læreplassane sine.
- o Dei treng lærlingar og har ein klar rekrutteringsstrategi der elevar frå kjemiprosess, er viktige. Dei er avhengige av å rekruttere elevar frå linja kvart år.
- o Dei kan nærast garantere at kvalifiserte elevar får læreplass!
- o Tal viser at Hydro i Årdal har ein potensiell pensjonsavgang på 169 personar før 2025. Svært mange av desse er operatørar i produksjonen som då må erstattast. Eit gjennomsnittstal viser 17 personar i året. Då vert rekruttering gjennom lærlingar viktig!
- o Hydro har også eit behov for fleire lærlingar med kompetanse frå automasjon då drifta vert automatisert i stadig større grad.
- o Hydro har og framleis behov for lærlingar frå industriteknologi

- **Norsun uttaler at:**
 - o Dei ynskjer seg fleire fagoperatørar. Desse rekrutterer dei i hovudsak frå kjemiprosess og industriteknologi.
 - o I det som no ser ut til å bli ein svært omfattande utbyggingsfase, vil dei ha eit ekstra stort behov for lærlingar med denne kompetansen.
- **Sogn opplæringskontor uttaler at:**
 - o Dei har læreplassane!

Service og Samferdsle

- I **kommunen** sin strategiplan er satsing på handel og reiseliv sentralt. Desse områda vil sysselsette stadig fleire i framtida.
- **Årdal Utvikling** har tal som viser at det i dag er om lag 50 personar over 50 år som er tilsette i handelsnæringa i Årdal. Dette tilseier at ein vil ha eit jamt behov for lærlingar som kan erstatte dei som går av med pensjon.
- **Næringa** gjev sjølv tilbakemelding om at det då blir viktig å ha kompetente folk innan faga.
- Tilbakemeldinga frå **næringa** er også at det i dag er ei utfordring å finne fagutdanna folk innan sal. Derfor er det så viktig å halde oppe tilgangen på lærlingar.
- Frå den delen av **næringa** som er innan kontor og administrasjon, melder ein at det også hjå dei er eit auka behov for fagutdanning innan sal.
- **Næringslivet** er svært positivt til å stille opp med læreplassar dersom ein framleis har tilgang på lærlingar.
- Det er eit viktig perspektiv at sal og service i stor grad styrkar lærlingar som skal inn på typiske kvinnearbeidsplassar. Desse melder **kommunen** tilbake om at det er behov for.

Konklusjon på innspel

Årdal vgs må få behalde opplæringstilbodet slik det er i dag.

Det er god oppfylling på vg1 TIP, Vg1 Elektro, vg2 Automasjon og Vg3 Automatiseringsfaget. Det same gjeld Studiespesialiserande utdanningsprogram Vg1, Vg2, Vg3. Påbygg gen. studiekompetanse Vg3, og Vg4 Påbygg gsk etter yrkeskompetanse har og god oppfylling.

Sjølv om det kan bli noko lægre oppfyllingsgrad på kjemiprosess og industriteknologi, så kan altså næringslivet **nærast garantere** at dei som får plass og kvalifiserer seg får læreplass.

I fleire år har Årdal hatt ei målretta satsing på handel og reiseliv. Dette har resultert i ein fin oppgang i desse bransjane. Denne oppgangen har komme ved vekst i eksisterande næringsliv og ved nyetableringar. For å møte desse rekrutteringsutfordringane er det vesentleg at den vidaregåande skulen har studieretningar som gjer det mogeleg for næringslivet å rekruttere arbeidskraft i framtida. **Service og Samferdsle** har desse utdanningsretningar som også er attraktive for jenter.

Henny Midtun
Årdal vgs.
Rektor